

Sluttbehandling kommunedelplan naturmangfald**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Hege C Sandnes Gjørsund
E-post: postmottak@haram.kommune.no

Arkivsak: 24/197
Journalpost: 26/18786

Behandling:

Saksnummer: Utval:
 Planutvalet
 Kommunestyret

Dato:

Kommunedirektøren si innstilling:

Haram kommunestyre godkjenner med heimel i plan og bygningslova § 11-15 kommunedelplan for naturmangfald slik den ligg vedlagt.

Saksgang:

Haram kommunestyre vedtok [Planstrategi for Haram kommune 2025-2028](#) den 13.06.2024 i sak 058/24. Planstrategien prioriterer utarbeiding av ein kommunedelplan for naturmangfald, som del av planoppgåvene for kommunen i kommunestyreperioden. [Kommuneplanen sin samfunnsdel \(KPS\) 2025-2035](#) vart godkjent i kommunestyret 25.09.2025. Hovudmåla i KPS omfattar relevante tema for naturmangfald (sjå figur 1). Haram kommune skal blant anna vere ei berekraftig næringskommune og ha ei ansvarleg arealforvaltning. Innbyggjarane skal oppleve god livskvalitet. I beskrivinga av hovudmåla ligg det at innbyggjarane skal ha god tilgang på friluftsliv og natur, ein skal ta omsyn til naturressursane. Arealforvaltninga skal ta omsyn til klima og miljø og hindre tap av natur. Arbeidet med å sikre naturmangfald i kommunen er soleis forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel (2025-2035), gjennom målsettingar og arealstrategi. Samfunnsdelen har ein arealstrategi som gjev langsiktige føringa for arealbruk og kommuneplanen sin arealdel.

Naturområde

- Arealforvaltninga i Haram skal bidra til redusert tap av naturverdiar, og ivaretaking av kulturminne- og miljø
- Større naturområde og grønne korridorar skal sikrast i KPA
- Det skal sikrast kopling mellom tettstadnær grøntstruktur og større naturområde
- Det skal sikrast grøn buffer/kantsoner og opne vassveggar for å hindre flaum, og naturleg handtering av overvatn
- Ved revisjon av KPA skal ein gjenbruke utbygd areal, før ein tek i bruk nye naturområde (målsetting om arealnøytralitet)
- Unngå unødige utbygging av karbonrike område (myr og andre karbonrike område)
- Arealforvaltninga skal bidra til å sikre god tilstand på vassførekomstar

Figur 1. Frå arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel (2025-2035)

Tabell 1. Oversikt over saksgang hittil for delplanen

Tidspunkt	Aktivitet i prosessen
2024	Tildeling av tilskot frå Miljødirektoratet
13.06.2024	Vedtak planstrategi 2024-2027 planar Haram kommune skal utarbeide i kommunestyreperioden
27.08.2024	Vedtak oppstart KDP naturmangfald og høyring av forslag til planprogram
5.9-21.10.2024	Høyring/offentleg ettersyn av Planprogram KDP naturmangfald
09.09.2024	Rapportert til Miljødirektoratet innan frist (31.10.2024) - vilkår for tilskot
okt/nov	Gjennomgang merknadar - revidering planprogram
13.12.2024	Prosessledande vedtak - fastsetting av planprogram PU
12.12.2024	Fastsetting av planprogram i KS
Utarbeiding av plan 2025	Arbeidsfase, inkludert innleige av fagleg hjelp frå Miljøfaglig utredning
Juni 2026	Vedtak i PU om offentleg ettersyn og høyring av KDP Naturmangfald
Juni - august	Høyring og offentleg ettersyn (frist 13.august)
August	Merknadsbehandling og revisjon av delplanen
8.9/17.9. 2026	Vedtak av KDP naturmangfald (PU- KS)
September	Kunngjering

Samandrag:

Haram kommunestyre har i vedteke planstrategi for kommunestyreperioden prioritert å utarbeide ein tematisk kommunedelplan for naturmangfald. Kommunen har fått 400.000 kr. i tilskot frå Miljødirektoratet til arbeidet med delplanen. Planarbeidet skal fylgje plan og bygningslova som prosesslov. Planutvalet gjorde vedtak om oppstart av kommunedelplan naturmangfald, samstundes som forslag til planprogram var på høyring og offentleg ettersyn. Det kom inn merknadar og planprogrammet vart justert i tråd med merknadane. Planprogrammet vart deretter fastsett av kommunestyret. Kommunedelplan naturmangfald er utarbeidd i planleggingsverktøyet *Framsikt*. Forslag til plan vart utarbeidd og lagt på offentleg ettersyn, det kom inn 7 merknadar. Planforslaget vart justert etter merknadane der det var mogeleg. Planforslaget gjev ei innføring i naturmangfald generelt, samt ei oversikt over viktig naturmangfald i Haram, med hovudfokus på terrestriske miljø. Planen vurderer tilstanden på registrerte viktige naturtypar i Haram, trugslar mot naturmangfald og tiltak ein skal gjennomføre for å ta vare på naturmangfald. Delplanen har 4 delmål, der 3 av delmåla medfører krav inn i arealforvaltning/planprosessar, rutinar og kommunen si eiga drift. Eit delmål er knytt til konkret innhenting av kunnskap, gjennom nye kartleggingar av naturmangfald. Delplanen skal fungere som kunnskapsgrunnlag i kommuneplanarbeidet, samt gje retning for tema naturmangfald i revisjon av arealdelen og andre planar.

[Lenke til kommunedelplan naturmangfald i Framsikt](#)

Saksopplysningar:

Naturmangfald

Naturmangfaldet utgjer heile livsgrunnlaget til oss menneske på jorda, i tillegg har alt ein eigenverdi.

Mangfaldet, “variasjonane” i naturen utgjer ein styrke-, ei styrka evne til å tilpasse seg endringar. Å behalde variasjonane i og mellom artar og økosystem gjer artane og økosystema meir eigna til å tole endringar, stress og katastrofar. Naturen blir meir robust. Alle artar har ein funksjon og alt i naturen heng saman, summen av alt skapar dei økosystemtenestene vi menneske er avhengige av for å leve, som mat, reint vatn, oksygen, nedbryting/renovasjon mm. For å få dekt basale behov er menneska avhengig av at økosystema fungerer, som pollinering av planter, tilgang til reint vatn, jord av god kvalitet mm. Naturmangfald må få ein større plass i den kommunale forvaltninga av areal, det er den enkelte kommune som kan gjere noko med det naturtapet ein ser går føre seg i dag. Dette gjev kvart kommunestyre, som øvste planmynde, eit enormt ansvar. Ein trur at naturen er evig, men fakta er at kvar dag øydeleggast norsk natur bit for bit.

Tabell 2. Samanfetting av hovudmål frå samfunnsdel og delmål i KDP naturmangfald. Detaljert informasjon og fullstendige delmål med underpunkt sjå planforslaget kap. 8 i Framsikt.

Hovudmål i kommuneplanen samfunnsdel	Delmål i KDP naturmangfald	Løysast gjennom
I Haram skal vi styrke bulyst, samtidig som vi har ei ansvarleg arealforvaltning	<i>Haram kommune skal bidra til auka kunnskap om naturmangfald og aktivt informere om tilskotsordningar for skjøtsel av viktige naturtypar</i>	Rutinar og drift
	<i>Haram kommune skal i arealforvaltning og drift jobbe for å nedkjempe framande artar og sikre levekåra for raudelista artar</i>	Arealforvaltning pbl. og drift
	<i>Haram kommune skal gjennom planlegging og forvaltning sikre naturmangfaldsverdiar og hindre nedbygging av karbonrike areal</i>	Arealforvaltning pbl.
	<i>Haram kommune skal sikre at alt naturmangfaldet i kommunen er kartlagt og kunnskapen om naturmangfald er oppdatert</i>	Handlings,- økonomiplan

Høyring og offentleg ettersyn av planforslaget

Høyringsperioden var frå 09.06-13.08.2026. Det kom inn 7 merknadar. Tre frå overordna mynde, to frå miljøorganisasjonar, ein frå kommunalt organ og ein frå nabokommune.

Tabell 3. Viser forkorta temavise merknadar som kom inn ved høyring av planforslaget. Sjå vedlegg for komplette merknadar og korleis merknadane er vist omsyn til i planforslaget.

Innsendar	Tema - forkorta dei viktigaste i punkt
Statsforvaltar i Møre og Romsdal	- Planframlegget er oversiktleg og kunnskapsbasert - Kystlynghei: framheva som særleg viktig naturtype, internasjonalt ansvar for denne naturtypen. Ofte negativt påverka av utbygging - Hubro: sterkt truga, fleire kjende hubroterritorie i Haram, viktig å oppretthalde desse for rekolonisering. Har høg verdi som habitat.
Møre og Romsdal fylkeskommune	- Planen gir godt kunnskapsgrunnlag om naturmangfald og trugslar. - Kulturlandskap er viktig for biologisk mangfald - Viktig at planen vert brukt som grunnlag for endringar i arealbruk og kommunal verksemd - Aktiv skjøtsel av kulturlandskap er avgjerande for å ta vare på naturmangfald (beiting, slått, mm). - Bør ha meir konkrete tiltak og prioritering av tiltaka
Statens vegvesen	Ingen merknad

Viltneemnd v/leiar, Rune Johan Stene Oppsummert etter telefon- samtale	• Oter - stor bestand av oter, påverkar bestand av laks/sjøaure i Hildreelva. • Hjort - stor bestand av hjort på Hildre. Beiteskader, særleg på vinterbeite.
NOAH – for dyrs rettigheter	• Positivt fokus på kartlegging, kunnskapsinnhenting og identifisering av naturverdiar. • Planen synleggjer kunnskapshol, særleg om marine naturverdiar. • Planen bør vere tydelegare på korleis registrerte naturverdiar skal takast vare på i arealforvaltninga. • Planen bør gi klare føringar for korleis naturverdiar skal vektleggjast i framtidige arealavgjersler. • Slåttemark - kritisk truga naturtype, viktig for biologisk mangfald. Viktig med skjøtsel. Prioritere. • Viktig å verne samanhengande naturområde • Meir fokus på føre-var-prinsippet
BirdLife Møre og Romsdal v/Ingvar Gjerdevik	• Marine naturverdiar er for lite omtala, etterlyser meir kunnskap og sterkare fokus på naturmangfald i sjø. • Meiner kommunen står overfor store naturforvaltningsutfordringar • Kritiserer mangel på konkrete mål og tiltak • Meiner kommunedelplanen skulle vore utarbeidd før samfunnsdelen og vore brukt som faggrunnlag for denne. • Etterlyser krav om at naturkunnskapen skal påverke arealforvaltninga og integrere naturmangfald i arealforvaltninga. • Kritiserer at det kun er avsett løyvingar i budsjettet i kort periode • Anbefaler å søkje natursatsmidlar • Naturrestaurering av kystlynghei og våtmark viktig
Ålesund kommune	• Godt planforslag og oppmodar til samarbeid om sjøareal ved seinare høve.

Endringar i planforslaget etter høyring:

For å få full oversikt over endringar i delplanen som følgje av merknadar frå offentleg ettersyn sjå vedlegg med merknadsvurdering. Det er kun gjort små endringar i planforslaget. Tekst er lagt til for å gje meir informasjon om eit tema eller tekst er justert for å presisere eit tema. Det er også gjort justering i tekst under enkelte underpunkt på delmål.

- Kap. 3.7 er justert og inneheld no ein kort tekst om hubro
- Tekst i kap.8.1 er justert for å få med tydelegare intensjonen om aktivt informasjonsarbeid knytt til tilskotsordningar for skjøtsel av kulturlandskap
- Tekst i kap. 8.1, i beskriving av delmål er justert, for å kunne prioritere kartlegging av naturtypar knytt til kulturlandskap og område nært folk, der areala er meir utsett for trugslar og nedbygging.

- Det er tatt med ein kort tekst om restaurering av natur i kap. 7.5 og 8.1, samt underpunkt i delmål.
- Kap. 8.1 beskriving av delmål er justert for å kunne prioritere naturtypar knytt til kulturlandskap når kartlegging skal gjennomførast.
- Tekst i kap. 8.1 er justert og forsøkt gjort tydelegare, slik det kjem kart fram at naturverdiar ein finn ved kartlegging skal sikrast i planar etter plan og bygningslova.
- Kap. 3.7 er presisert, slik at Haram kommune skal i arealforvaltninga arbeide for å redusere belastninga på leveområde for desse artane Haram har eit spesielt ansvar for.
- Delmål i måltabellen kap. 8.2, knytt til raudelista artar, har fått eit nytt underpunkt: *«Haram kommune skal i arealforvaltninga arbeide for å redusere belastninga på leveområde for raudelisteartar, med særleg fokus på artane Haram kommune har eit særleg ansvar for (elvemusling, irsk kystmyrklegg, kystblåstjerne, havburkne, toppstarr, kystblåfjell, alpeklokkemose, blåfotstorpigg, purpurmarihand og i tillegg vill laks/sjøaure).»*
- kap. 3.7 er justert, det er presisert at elvemusling er ein ansvarsart for Haram kommune.
- kap. 5.6 er justert slik det inneheld litt meir tekst om marine naturområde, som også viser begrensingane i planen.

Vurderingar:

Kommunedelplan for naturmangfald skal gje ei innsikt i kva naturmangfald er og kvifor naturmangfald er viktig. Planen skal også gje ei oversikt over registrert naturmangfald i Haram kommune og kvaliteten på den kunnskapen vi har i dag, samt kva vi manglar av kunnskap. Planen kjem med forslag om kva som kan gjerast for å sikre det naturmangfaldet vi har og kva vi treng av kunnskap for å gjere gode avgjersler knytt til naturmangfald framover.

Den største trugselen for naturmangfald generelt er arealendringar, som følgje av menneskeleg aktivitet, der utbygging er den aller viktigaste (bustadutbygging, infrastrukturutbygging mm.). Utbygging er bestemt av det enkelte kommunestyre i kvar kommune, gjennom vedtak av kommuneplanen sin arealdel, detaljregulering og dispensasjonssaker. Dei viktigaste grepa for naturmangfald kan ein gjere gjennom kommuneplanen sin arealdel, som er juridisk bindande for alt anna planarbeidet etter plan og bygningslova.

For å gjere gode avgjersler i arealforvaltninga er det viktig med oppdatert kunnskap om naturmangfald. Det er naudsynt å samle mest mogeleg oppdatert kunnskap, før ein revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Måla i naturmangfaldsplanen prioriterer å utføre kartleggingar av naturmangfald, for å skaffe ny kunnskap, samt oppdatere kunnskap om naturmangfald i kommunen. Der er område som manglar kartleggingar og der er ein del kartlagde område, som har gamal kunnskap, som bør oppdaterast.

Påverknad og spreiding av framande artar ein stor trugsel mot naturmangfald. Stadeigne artar vert ut-konkurrert av framande artar, som ein ikkje vil ha i norsk natur. Kommunen har eit

særleg ansvar for å nedkjempe slike framande artar, både i eigen drift/verke, samt å spreie informasjon og sette krav til private grunneigarar og aktørar.

Mangel på skjøtsel av enkelte viktige naturtypar er ein trugsel mot naturmangfald, dette gjeld i stor grad naturtypar som er kulturbetinga, som kystlynhei, slåttemark etc. Kommunen har ansvar for å informere om tilskotsordningar og kor viktig det er å drive skjøtsel av slike naturtypar.

Kommunedelplan for naturmangfald er ein temaplan som skal nyttast som kunnskapsgrunnlag og avklaring av behov inn i anna planarbeid, samt fastsetting av kommunale rutinar. Samstundes kan den også gje informasjon til grunneigarar og publikum, ved å sette fokus på naturmangfald og informere om utfordringar og løysingar.

Kommunen står fritt til å utforme ein plan for naturmangfald og har nytta seg av denne friheita til å forme planen etter eigne behov og dels etter ressursar tilgjengeleg. Der gjort nokre prioriteringar; ein har ikkje gått inn i vurderingar av trekkruter for vilt, forslag til nye verneområde eller djupt inn i marine naturtypar. Dette vart for omfattande og tema for store i denne første generasjon av naturmangfaldsplan. Trekkruter for vilt bør ein sjå over fleire kommunar og det er kostbart å få gjort nye registreringar. Vurdering av nye marine verneområde må ein ha oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag for å kunne gjere. Ny kunnskap om marine naturtypar er kostbart og tidkrevjande å innhente og bør gjerast i samarbeid med tilgrensande kommunar eller på nasjonalt nivå.

Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:

Økonomiske: Eit av delmåla, som handlar om oppdatering av kunnskap og bestille nye kartleggingar, er knytt til handlings og økonomiplan. Det vil koste pengar å få kartlagt område det i dag ikkje er gjort kartleggingar. I tillegg må det gjerast nye kartleggingar av område, for å oppdatere der kunnskapen er gamal. Der er framleis 300.000 kr. igjen av tilskotet frå Miljødirektoratet, denne summen skal nyttast til kartleggingar. I tillegg viser KDP naturmangfald at det skal settast av økonomiske midlar i handlings,- og økonomiplan til kartleggingar over fleire år. Sjå naturmangfaldsplanen i Framsikt kap. 8 og 9.

Juridiske: Kommunedelplan naturmangfald er ein temaplan og vil ikkje vere juridisk bindande, men vere førande og gje retning for planarbeid etter plan og bygningslova.

Driftsmessige: Kommunedelplan naturmangfald vil kunne ha driftsmessige konsekvensar gjennom behov for nye kommunale rutinar for drift og verke. Eksempelvis vil dette gjelde nedkjemping av framande artar og tiltak for å hindre spreiding av slike. Kommunen driv skjøtsel av blant anna grøfter og grøntareal, der det er viktig å ha rutinar som hindrar spreiding av framande artar. Ein må sikre at dette skjer på ein ynskjeleg måte.

Konklusjon med grunngiving:

Kommunedelplan naturmangfald er gjennomarbeidd og klar til godkjenning slik den no ligg føre. Den gjev god oversikt over naturmangfald i kommunen i terrestrisk miljø, delmåla sett krav til kommunen om å prioritere naturmangfald i arealforvaltning og krav om å justere

kommunale rutinar for å bidra til auke i naturmangfald, gjennom nedkjemping av framande artar.

Anders Norvald Hammer
kommunedirektør

Vedlegg:

1. Merknadsskjema - merknadar og kommunen si vurdering
2. Samla merknadar_originale